



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

**Tid:** 16.06.2016 kl. 15:15-18.20

**Stad:** ASKVOLL

---

### Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Leif Jørgen Leknes	Medlem
Ingvild Loftheim	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Else Stølen	Medlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem

---

### Forfall:

Harriett Norstrand	Medlem
Anne Grethe Lien	Medlem
Terje Mork	Medlem
Halldis Rørvik	Medlem
Aud Eldrid Frøholm	Medlem

---

### Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2016/29		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2016/30		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 24.05.2016	RUNE ZIENER
SR 2016/31		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR 2016/32		Møteplan hausten 2016	RUNE ZIENER
SR 2016/33		Offerlister	RUNE ZIENER
FR 2016/34		Utviding av parkeringsplass ved Vilnes kyrkje	RUNE ZIENER
FR 2016/35		Brannsikring Vilnes kyrkje	RUNE ZIENER
FR 2016/36		Lyssetting ved Vilnes kyrkje. Justert løysing.	RUNE ZIENER
FR 2016/37		Kvammen kapell. Val av tilbydar etter tilbodskonkurranse.	RUNE ZIENER

FR 2016/38		Kandidatforslag til landsrådet i KA	RUNE ZIENER
FR 2016/39		Klage på festeavgift	RUNE ZIENER

Askvoll, 16.06.2016

Rune Ziener  
Referent

---

## SR 2016/29 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som dei ligg føre.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen som dei ligg føre.

---

## SR 2016/30 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 24.05.2016

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 24.05.2016 som den ligg føre.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 24.05.2016 som den ligg føre.

---

## SR 2016/31 Skriv, meldingar og drøftingar

### UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingssaker vart lagde fram:

- M 2016/27 Askvoll kyrkjelydsutval: *Møtereferat* (01.06.2016)
- M 2016/28 Mellomkirkelig råd: *Invitasjon til å markere Kirkeuka for fred i Palestina og Israel 18.-25. september 2016* (19.05.2016)
- M 2016/29 Bjørgvin biskop: *Holmedal kyrkje - Søknad om godkjenning av innvendig trappeløysing* (10.05.2016)
- M 2016/30 Førebels plan for medarbeidersamling og diakonikveld hausten 2016
- M 2016/31 Referat trusopplæringsutvalet (25.05.2016)
- M 2016/32 LIV-kurs i Førde hausten 2016 og våren 2017
- M 2016/33 Gravplassituasjonen
- M 2016/34 Turistomvising i kyrkjene

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

---

## **SR 2016/32 Møteplan hausten 2016**

### **UTGREIING**

Det bør verte utarbeidd ein møteplan for Askvoll sokneråd, hausten 2016 for å sikre forutsigbarheit for medlemmene.

Forslag til møteplan med aktuelle saker:

- 13. september i Bulandet (økonomiplan 2017-2020, 2. tertialrapport, offerliste sept.-des.)
- 11. oktober i Stongfjorden (avklaring om bruksavtale for Stongfjorden kapell)
- 15. november (vurdering leiarlønn)
- 13. desember (offerliste 1. halvår 2017)

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd vedtek møteplan for hausten 2016 som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

### **MØTEHANDSAMING**

Forslag frå Arne Fedøy sett fram i møtet om at ein byttar om lokaliseringa for møta føreslege sett opp i Bulandet og Stongfjorden.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek møteplan for hausten 2016 som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja inkludert endringsforslaget frå Arne Fedøy.

---

## SR 2016/33 Offerlister

### UTGREIING

1. Offerliste fram t.o.m. 4. september 2016.

Askvoll sokneråd har i sak SR 2016/27 vedteke offerliste ut august månad 2016. Ordinær prosedyre i Askvoll er at kyrkjelydsutvala fremjar forslag til offerliste før endeleg vedtak i soknerådet.

Når gudstenesteplan for haustsemesteret 2016 ikkje er lagt på tidspunkt for utsending av sakspapira, vert det for lite tid til handsaming i utvala før soknerådsmøtet. Ein kan då vente til septembermøtet før vedtak av offerliste for resten av 2016.

Føreset at møteplan som føreslege i eiga sak vert vedteke, vil ein ikkje ha offerføremål for gudstenestene:

- 4. september kl 11.00 i Askvoll kyrkje
- 11. september kl 11.00 i Bulandet kapell

Askvoll sokneråd bør difor vedta offerføremål for desse to gudstenestene før ordinært vedtak av offerliste for hausten 2016.

2. Endring av offerføremål

Kyrkjelydsutvalet i Bulandet/Værlandet føreslær at offerføremål i Bulandet kapell 19.06 d.å. skal gå til Institutt for sjelesorg, Modum Bad, og ikkje Fiskarheimen som er vedteke.

### INNSTILLING

1. Offer i Askvoll kyrkje 4. september og Bulandet kapell 11. september går til:

\_\_\_\_\_ og \_\_\_\_\_.

2. Offer i Bulandet kapell 19.06. går til Institutt for sjelesorg, Modum Bad.

### MØTEHANDSAMING

Grunna to dagars utsetting av soknerådsmøtet er det allereide kunngjort at endringsforslaget frå kyrkjelydsutvalet i Bulandet om endring av offerføremål 19.06. Vedtaksforslaget sitt punkt 2 vert derfor ikkje aktuelt.

I møtet vart føreslege offer i Askvoll kyrkje 4. september til Den evangelisk-lutherske kyrkje i Jordan og det heilage land og offer i Bulandet kapell 11. september går til Institutt for sjelesorg, Modum bad.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Offer i Askvoll kyrkje 4. september går til Den evangelisk-lutherske kyrkje i Jordan og det heilage land og offer i Bulandet kapell 11. september går til Institutt for sjelesorg, Modum bad.

2. Forslagspunkt 2 utgår.

---

## **FR 2016/34 Utviding av parkeringsplass ved Vilnes kyrkje**

### **UTGREIING**

Askvoll sokneråd har i fleire år forsøkt å finne ei løysing for å få etablert ein ny parkeringsplass ved Vilnes kyrkje.

Det er løyvd kr 120.000,- frå kommunen til tiltaket.

Det har vist seg vanskeleg å få kjøpe det arealet som har vore ønska nytta til nytt parkeringsareal.

Denne våren har det komme forslag om eit anna mogleg parkeringsareal rett aust for reidskapshuset utanfor muren.

Dette arealet er på mange måtar meir eigna enn det tidlegare tiltenkte. Det er større, samt at ein vil ha moglegheit til å få dette som ny hovudtilkomst til kyrkja, med køyreveg for bærebil/arbeidsbilar heilt inn til kyrkja. Dette føreset at eksisterande reidskapshus vert rive. I alle høve er det mogleg å nytte arealet til parkering, utan å rive eksisterande reidskapshus. Utviding av parkeringsplass med dette alternative arealet vert dyrare enn tidlegare planlagte løysing. Det krevst meir grunnarbeid for opparbeiding av eigna parkeringsareal, og det er nødvendig å etablere ein køyreveg opp til parkeringsarealet. Det er ikkje utarbeidd detaljteikningar, men ut frå vedlagde skisse kan det dreie seg om ca. 450 m<sup>2</sup> parkeringsareal og 10-15 m ny tilkomstveg.

For å komme i gang med prosjektet kan ein i 2016 få prosjektert og kostnadskalkulert ny parkeringsplass med alternativt areal, samt arbeide med grunnovertaking av arealet. Finansiering av sjølve anleggsarbeidet vil ein måtte få inn i økonomiplanen med tanke på seinare realisering.

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd vel ei parkeringsløysing aust for dagens reidskapshus med utgangspunkt i vedlagde skisse.
2. I 2016 vert parkeringsplassen prosjektert og kostnadskalkyle for anleggsarbeidet vert utarbeidd som grunnlag for seinare investeringstilskot innarbeidd i økonomiplanen. Vidare arbeider ein inneverande år med grunnovertaking av nødvendig areal.
3. Etter vedtak av endeleg løysing (prosjektskisser) vert det søkt Bjørgvin bispedømmeråd om godkjenning av tiltaket.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vel ei parkeringsløysing aust for dagens reidskapshus med utgangspunkt i vedlagde skisse.
2. I 2016 vert parkeringsplassen prosjektert og kostnadskalkyle for anleggsarbeidet vert utarbeidd som grunnlag for seinare investeringstilskot innarbeidd i økonomiplanen. Vidare arbeider ein inneverande år med grunnovertaking av nødvendig areal.
3. Etter vedtak av endeleg løysing (prosjektskisser) vert det søkt Bjørgvin bispedømmeråd om godkjenning av tiltaket.

---

## FR 2016/35 Brannsikring Vilnes kyrkje

### UTGREIING

Under prosjekteringsarbeidet så langt, for brannsikring av Vilnes kyrkje, har ein støtt på utfordringar for å få realisert prosjektet no etter tidsplan og investeringsramme. Sjølve brannsikringa er sett saman av to element, brannvarsling og automatisk slokking. Brannvarslingsanlegget isolert sett skal vere uproblematisk å få installert som eit frittstående prosjekt. Dette har ein kalkulert kostnad på om lag kr 400.000,-.

Det som er utfordrande gjeld det automatiske slokkeanlegget. Uavhengig av kva type slokkeanlegg ein ønskjer å montere, vil ein trenge eit teknisk rom (frostfritt) av ein viss storleik. Det synest vanskeleg å få bygd om nødvendig areal innanfor kyrkjebygget som det er i dag.

Alternativa er anten å forlengje dagens sakristidel med eit påbygg eller å bygge om/bygge nytt reidskaps-/toalettbygg. Dette siste alternativet vil komme i konflikt med ei eventuell ny parkeringsløyising aust for reidskapsbygget, då denne omfattar ny hovudtilkomst med tilkomstveg inn til kyrkja der dagens reidskapsbygg står. Einaste funksjonelle løyising vert då å forlengje eksisterande sakristidel (sjå skisser utarbeidd av Edvin Landøy), som inneber plass til både teknisk rom samt toalettrom (dei sanitære tilhøva er ikkje tilfredsstillande pr. i dag).

Det er utgreidd to ulike slokkeanlegg (som er ganske like både i pris og utsjånad):

#### *Sprinkleranlegg*

Dette er teknisk sett ein enkel konstruksjon med enkelt vedlikehald i etterkant. Den største ulempen er at eit slikt anlegg krev eit vannreservoar av ganske stor storleik. Utan at det er gjort utrekningar på dette anslår brannteknisk rådgjevar i prosjektet at ein slik reservoartank krev eit rom med full takhøgde på 12-15 m<sup>2</sup>. For å få til ei slik tankplassering krevst det t.d. at nytt påbygg får eit reservoarrom utgravd i ei kjellarløyising. Alt i alt synest dette å vere ein kostnadskrevjande løyising.

#### *Vanntåkeanlegg*

Dette er noko meir teknisk komplisert enn eit sprinkleranlegg, og vil på sikt vere dyrare å halde ved like. Den store fordelten med eit vanntåkeanlegg er at det krevst langt mindre lagra vannreserve. Ifølgje rådgjevaren bør det vere tilstrekkeleg med nokre trykkflaskar med vatn. For eit slikt anlegg. Totalt sett vil difor denne løyisinga vere mest økonomisk gunstig.

Brannteknisk rådgjevar tilrår at ein vel vanntåkeanlegg som automatisk slokkeanlegg for Vilnes.

#### *Trinnvis utbygging*

Det har vore vurdert ei trinnvis utbygging av brannsikringa i Vilnes med tanke på

investeringsramma.

#### Trinn 1: Brannvarsling

I alle høve kan ein no i 2016 installere brannvarslingsanlegget.

#### Trinn 2: Røyropplegg og dyser til slokkeanlegg

Det er teknisk mogleg for begge slokkeanleggsalternativa å legge fram røyropplegg og montere dysar og legge til rette for at tankbil kan kople seg på anlegget ved evt. brann. Det er pr. i dag ukjent om Askvoll brannvesen har nødvendig påkoplingsutstyr.

#### Trinn 3: Tilrettelegging for teknisk rom med permanent vannforsyning.

Påbygg av kyrkja og komplettering av anlegget. Dette krev nye investeringstilskot.

#### **Vurdering:**

I denne saka er det mange omsyn å ta, og det er ikkje enkelt å legge fram eit forslag. Ferdigstilling av prosjektet krev i alle høve nye løyvingar. Det er ikkje kostnadsrekna kva ei utbygging vil koste.

Forslag til framdriftsplan:

1. Installere varslingsanlegg når godkjenning ligg føre.
2. Starte prosjektera og godkjeningsprosessen for påbygg av sakristidelen på kyrkja (prosjektet vert innarbeidd i økonomiplanvedtaket for planperioden 2017-2020).
3. Eventuelt kan unytta midlar for 2016 i dette prosjektet omdisponerast til andre prosjekt der ein manglar finansiering (t.d. til utviding av parkeringsplassen). Om ein berre går for alarmanlegg inneverande år vil totalkostnaden utgjere ca kr 550.000,- inkl. prosjektering. Omdisponering kan skje berre etter løyve frå Askvoll kommune.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd installerer brannvarslingsanlegg i Vilnes kyrkje når biskopen si godkjenning ligg føre.
2. Arbeidet med prosjektering av tilbygg på sakristidelen tek til i 2016. Dette arbeidet skjer i samarbeid med brannteknisk rådgjevar.
3. Totalløysinga med komplett slokkeanlegg og påbygg av sakristidelen vert innarbeidd i soknet sin økonomiplan.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd installerer brannvarslingsanlegg i Vilnes kyrkje når biskopen si godkjenning ligg føre.
2. Arbeidet med prosjektering av tilbygg på sakristidelen tek til i 2016. Dette arbeidet skjer i samarbeid med brannteknisk rådgjevar.
3. Totalløysinga med komplett slokkeanlegg og påbygg av sakristidelen vert innarbeidd i soknet sin økonomiplan.



---

## **FR 2016/36 Lyssetting ved Vilnes kyrkje. Justert løysing.**

### **UTGREIING**

I førebels vedteke løysing for lyssetting ved Vilnes kyrkje (sak FR 2016/21) ønskjer ein fasadelyssetting av kyrkja, marklysetting av bautasteinar og lyspullertar langs gangvegen inne på gravplassen. For parkeringsplass og tilkomstveg var det opprinneleg vedteke bakkelyspunkt langs med køyrevegen.

#### *Lyssetting av parkeringsareal*

På synfaring på staden kom ein fram til at i staden for om lag 4 bakkelys langs køyrevegen er det meir ønskeleg med to bakkelys langs med muren for å lyse opp eksisterande parkeringsplass, og på eit seinare trinn, to ekstra bakkelys utanfor muren i aust (i samband med utvida parkeringsplass).

#### *Lyssetting av køyrevegen*

Ein kan nytte eksisterande stolpe med lys ved køyrevegen om ein får kopla til straumtilførsel frå kyrkja.

Denne stolpen står utanfor kyrkja si grunn og er eigd av SFE Nett. Dette betyr at ein både må ha løyve til å føre straumkabel ut av eit bruksnummer og løyve til kabeltilførsel og montering av armatur på stolpen.

Ekstrakostnad til lyssetting av køyrevegen vil utgjere ca. kr 10.000,- utanom gravekostnad.

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd justerer plan for lyssetting ved Vilnes kyrkje i samsvar med vedlagde justerte prinsippskisse.
2. Justert plan vert oversendt Bjørgvin bispedømmeråd for godkjenning.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd justerer plan for lyssetting ved Vilnes kyrkje i samsvar med vedlagde justerte prinsippskisse.
2. Justert plan vert oversendt Bjørgvin bispedømmeråd for godkjenning.

---

## **FR 2016/37 Kvammen kapell. Val av tilbydar etter tilbodskonkurranse.**

### **UTGREIING**

I samsvar med tidlegare vedtak er no tilbodskonkurranse for ombygging av takkonstruksjonen m.m. på Kvammen kapell.

Tilbodsfristen er sett til 27. juni.

Når det gjeld val og aksept av tilbod er det Askvoll sokn som byggherre som gjer dette med rådgjeving frå prosjekterande ingeniør.

Askvoll sokn sitt økonomireglement § 3-3 fastset at enkeltanskaffelser over kr 100.000,- krev godkjenning av Askvoll sokneråd.

Då det er ønskeleg med ei rask vurdering av innkomne tilbod av omsyn til oppstart av arbeidet innanfor dei tidsplanar som går fram av tilbodsgrunnlaget, kan det vere ei løysing at det vert gjeve fullmakt til t.d. soknerådsleiar og kyrkjeverje til val av tilbod. Dette fordi valet bør verte føreteke i slutten av juni, ein periode som erfaringsmessig er vanskeleg å samle rådet i.

### **INNSTILLING**

1. Leiar i Askvoll sokneråd og kyrkjeverja får fullmakt til å føreta val av tilbod i tilbodskonkurranse om ombygging av takkonstruksjonen m.m. på Kvammen kapell.
2. Val av tilbod skal skje innanfor fastsette budsjettrammer til prosjektet, evt. samt øvrige ikkje-bunde midlar i rådet sin balanserekneskap.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Leiar i Askvoll sokneråd og kyrkjeverja får fullmakt til å føreta val av tilbod i tilbodskonkurranse om ombygging av takkonstruksjonen m.m. på Kvammen kapell.
2. Val av tilbod skal skje innanfor fastsette budsjettrammer til prosjektet, evt. samt øvrige ikkje-bunde midlar i rådet sin balanserekneskap.

---

## FR 2016/38 Kandidatforslag til landsrådet i KA

### UTGREIING

Det skal veljast 5 representantar + 5 varafolk til KA sitt Landsråd frå fellesråd i Bjørgvin (sjå vedlagte orientering). Landsrådet er KA sitt øvste organ.

Avtroppande valde medlemmer til Landsrådet frå Bjørgvin utgjør nominasjonsnemnd.

I denne omgang er det viktig å få fram gode kandidatar frå fellesråd; kandidatar som har lyst og høve til å gjere ein jobb i desse verva.

Val av kandidatar skal skje på valmøte 24.11.2016

Nominasjonsnemnda skal sende si innstilling seinast 24.09.2016 og komiteen bør ha rimeleg tid til å gjere sine vurderingar. Frist for å melde inn kandidatar er derfor sett til fredag 2. september 2016.

Kandidatforslag ligg ikkje ved denne utgreiinga, men kyrkjeverja arbeider med å få fram aktuelle kandidatar. Dette vil verte orientert om i møtet.

### INNSTILLING

Ingen.

### MØTEHANDSAMING

Kyrkjeverja sette fram Jostein Ryland (Hyllestad sokneråd) som kandidatforslag til KA sitt landsråd.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd føreslår Jostein Ryland (Hyllestad) som kandidat til KA sitt landsråd.

---

## FR 2016/39 Klage på festeavgift

### UTGREIING

I samband med utsendt tilbod om festeavtale, med tilhøyrande krav om festeavgift, for ei enkeltgrav på Gjelsvik gravplass for perioden 2015-2020 har ein motteke klage på utsendte krav. Grava er eldre enn 70 år etter sist gravlegging, og det påløper difor forhøya festeavgift med 50% tillegg av ordinær festeavgift i samsvar med gjeldande lokale vedtekter, altså kr 225,- pr. år.

Gravplassadministrasjonen har ikkje hatt kjennskap til kontaktperson for den aktuelle grava før festar i 2015 responderte på skilt som var sett ut på grava om at ein ønsker kontakt

med ansvarlege for grava. Ifølgje gravregisteret hadde førre festeavtale for grava utløp i 1993.

Festar har i brev dagsett 10.05.2016 komme med innsigelsar mot avgifta.

Innsigelser mot avgifta skuldast at aktuelle grav ikkje er gjenbrukbar til ny kistegravlegging i samband med at gravplassen vart omregulert tilbake i tid, og ny gangveg vart etablert der om lag 10 graver tidlegare låg, og gravminna vart flytta.

Festar argumenterer vidare med at det ikkje vert fleire ledige graver på gravplassen om det vert betalt festeavgift for grava.

### **Vurdering:**

Det har ikkje lukkast kyrkjeverja å finne informasjon om saksforhold vedr. omreguleringa eller særskilte vilkår knytt til gravene i samband med denne. Dette er uansett underordna så lenge festar er innforstått med at aktuell grav ikkje er gjenbrukbar.

Når ein har festeavtale på ei grav inneber dette at ein har råderett over grava. Det betyr at ein kan forsyne grava med gravminne og har rett til å nytte grava til gjenbruk. Når denne grava ikkje kan gjenbrukast til ny gravlegging inneber dette vesentleg reduserte festerettar, og det er gode grunnar til å sjå på avgifta som urimeleg.

Det som likevel taler for at grava bør vere avgiftspliktig er at ordninga med feste og skal sikre at festar held grava i hevd. I gravferdsloven § 15, 1. ledd er det elles forutsett at festeavtale ligg føre for å kunne forsyne grava med eit gravminne.

Saka er drøfta munnleg med den nasjonale gravplassrådgivaren, Åse Skrøvset, og ho vil tilrå at ein i dette tilfellet kunne gå for redusert festeavgift, t.d. ordinær festeavgift utan tillegget på 50% p.g.a. grava si alder.

### **Avgjerdmynde og klagehandsaming:**

Askvoll sokneråd har vedtaksmynde i saka. Ved evt. påklaging av vedtaket er Bjørgvin bispedømmeråd klageinstans, sjå gravferdsloven § 24, 1. ledd.

## **INNSTILLING**

1. Festar får delvis medhald i sitt krav om fritak for festeavgift for aktuelle grav.
2. Som enkeltvedtak vert festeavgifta sett til kr 150,- per år for denne grava.

## **MØTEHANDSAMING**

Stein Hugo Fykse sette fram endringsforslag i møtet om av avgiftsbeløpet vert sett til halvparten av kravet (kr 112,50 pr. år).

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek kyrkjeverja sitt forslag, men med Stein Hugo Fykse sitt endringsforslag.